

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: HELSE VEST RHF, STAVANGER
MØTETIDSPUNKT: 6. MAI 2015 kl. 0830 – 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Stavanger HF

Møtet blei gjennomført med følgjande agenda:

- Velkommen og innleiing ved styreleiar, Terje Vareberg
- Presentasjonar ved Helse Stavanger HF:
 - Helse Stavanger HF ved styreleiar Grethe Høyland
 - Status, strategi, analyse og tiltak ved AD Inger Cathrine Bryne
 - Diagnostisk senter SUS ved avdelingsoverlege Erna Harboe
 - Fristbrot, korridorpatientar og kostnader:
 - Omstilling og endringsarbeid i kardiologisk avdeling ved avdelingssjef/overlege Tor Melberg
 - Kvalitetssikringsrutinar og resultat frå Kvinneklubben i Stavanger ved seksjonsoverlege Ragnar Kvie Sande
 - Pakkeforløp for tarmkreft – får vi det til? ved overlege Hartwig Kørner

SAKLISTE

- Sak 043/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Sak 044/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.04.2015
- Sak 045/15 Årsmelding frå pasient- og brukaromboda i Helse Vest
- Sak 046/15 Administrerande direktør si orientering
- Sak 047/15 Rapportering frå verksemda per mars 2015
- Sak 048/15 HMS strategi i Helse Vest
- Sak 049/15 Finansiering av forskning i Helse Vest
- Sak 050/15 Internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar
- Sak 051/15 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar

Saker til orientering:

- Sak 052/15 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 12.02.2015
- Sak 053/15 Fagleg rapportering 2014
- Sak 054/15 Forsking og innovasjon til pasientens beste
- Sak 055/15 Eventuelt
Skriv og meldingar

Sak 043/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse

Forfall:

Lise Reinertsen hadde meldt forfall til møtet

Dokument som var delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

Til skriv og meldingar:

- E-postar med vedlegg frå Konstali Helsenor dagsett 5. mai 2015 – «styrets ansvar» og «anmodning om videreforsending»
- E-post frå Konstali Helsenor dagsett 29. april 2015 – «styreleders tilsynsansvar»
- Svar på e-post frå Konstali Helsenor dagsett 4. mai 2015 – «svar – styreleders tilsynsansvar»

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var nye punkt på AD si orientering:

- Pkt. 5 Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskap for 2013**
- Pkt. 6 Luftambulans**
- Pkt. 7 Oppsummering frå møte med Statsråden om sjukehusstruktur**
- Pkt. 8 Orientering om e-postar frå Konstali Helsenor AS**

Eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

Sak 044/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.04. 2015

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 7. april 2015.

Sak 045/15 Årsmelding frå pasient- og brukarutvala i Helse Vest

Oppsummering

Pasient- og brukarombodet arbeidar for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar ovanfor spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og sosialtenesta.

Klagesaker til pasientomboda utgjør eit viktig grunnlag for forbetningsarbeid i helseføretaka.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetrast.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiing. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Pasient- og brukaromboda peikar på store utfordringar i kommunehelsetenesta og område knytt til samhandlingsreforma.

Gro Snortheimsmoen Bergfjord presenterte årsmeldingane og tenesta til pasient- og brukaromboda i Helse Vest.

Det blei mellom anna peika på at særleg Helse Bergen har hatt nedgang i talet på saker, særleg ved Kvinneklinikken.

Kursing av legar i kommunikasjon i Helse Førde gir gode resultat.

Samarbeidet mellom pasient- og brukaromboda og pasienthjelpar i Helse Vest er nært og godt. Det blei også peika på at det er behov for forskingsprosjekt i kommunikasjon mellom pasient og behandlar og at erfaringskompetanse i kommunikasjon bør inngå i praksisdelen av helsefagutdanningane.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 046/15 Administrerende direktør si orientering

- 1. Rapportering tilsynssaker .**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
4. **Orientering om resultat frå regional medarbeidarundersøking og medarbeidarundersøking i Helse Vest**
Resultata frå regional medarbeidarundersøking og medarbeidarundersøking i Helse Vest RHF blei gjennomgått. Begge undersøkingar viser svært gode resultat, og er samstundes gode verktøy for vidare forbetring.
5. **Innstilling frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2013**
Styret blei orienterte om hovudpunkta i komiteens merknader til Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga av statlege selskap for 2013.
Helse Vest vil be om tilbakemelding frå helseføretaka for å få oversikt og dokumentasjon på handtering av avvika.
6. **Luftambulans**
Styret i Helse Fonna har sendt sak om eventuell luftambulansbase i Helse Fonna til Helse Vest for vurdering. Både økonomiske og driftsmessige konsekvensar samt helikopterdekning for helseføretaka på Vestlandet må utgreiast.
Styret i Helse Vest vil komme tilbake til saka i styremøte i juni.
7. **Oppsummering frå møte med Statsråden om sjukehusstruktur**
Administrerande direktør oppsummerte frå Statsråden sitt møte i dag med administrerande direktør i dei 4 RHF-a, Helsetilsynet, Helseledningskontoret og Kunnskapsenteret, om alternativ for sjukehusstruktur i Nasjonal helse- og sjukehusplan.
Dei viktigaste strukturelle endringane i Helse Vest er gjennomført.
Endra sjukehusstruktur vil truleg berre føre til endringar i Helse Fonna.
8. **Orientering om e-postar frå Konstali Helsenor AS**
Administrasjonen orienterte om e-postar frå Konstali Helsenor AS, som var lagt fram for styret under skriv og meldingar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 047/15 Rapportering frå verksemda per mars 2015

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per mars 2015 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 65 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden og var 65 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per mars 2014, både for innlagde døgnpasientar, dagbehandling, poliklinisk behandling og for talet genererte DRG-poeng. Den polikliniske aktiviteten har sterkest prosentvis vekst. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2014. Det er generert færre utskrivne

døgnpasientar innan BUP, og talet liggjedøgn er og lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 2 % i mars 2015. Innan somatikken er korridorpasientar framleis ei utfordring, og det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor steig noko den siste månaden. Innan psykisk helsevern har talet korridorpasientar samla sett vore rimeleg stabilt og høvesvis lågt dei seinaste månedane. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg stadig på eit historisk lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 81 % innan somatikken og 78 % innan psykisk helsevern i mars 2015.

Per mars 2015 var det samla sjukefråværet på 7,2 % og sjukemeldt fråvær på 6,0 %. Per mars 2014 var det samla sjukefråværet på 7,2 % og sjukemeldt fråvær på 5,8 %. Sjukemeldt fråvær var marginalt høgare for mars 2015 enn for mars 2014. Per mars 2015 hadde 66,9 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 67,1 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

For mars 2015 var det 3 096 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i heiltidsmodulen. Totalt er det 3 155 fleire tilsette i 100 % stilling per mars 2015 samanlikna med desember 2010. Ved utgangen av mars 2015 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,71 %. Det er om lag same nivå som for februar 2015.

Det økonomiske resultatet i mars er kr 61,3 mill. som er kr 14,7 mill. svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 137,7 mill. som er kr 33,5 mill. svakare enn budsjettet. Føretaka melder ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2015 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak 005/15 Konsernbudsjett 2015 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,77 mrd. Samla investeringar per mars er på kr 418,8 mill. Dette utgjør omlag 24,3 % av budsjettet investeringsnivå i 2015.

I perioden 1. januar til 31. mars 2015 er det registrert 1 706 oppslag som omhandlar Helse Vest og dei underliggjande føretaka og institusjonane. Mediedekninga har samla sett gått noko ned, men på same tid ser ein ei auke i delen av positiv omtale. Mediedekninga for Helse Vest RHF er større denne perioden enn den førre, med 402 registrerte oppslag, mot 286 ved førre måling. Vinklinga av det regionale helseføretaket i media er meir positivt framstilt i denne perioden enn ved siste måling. Delen positiv mediedekning er 37 prosent, den nøytrale 49 prosent og det negative 15 prosent. Omdømmeindikatoren ligg mellom 0 og 0,9 prosent i perioden. Totalt sett har medieomtalen berre liten påverknad på omdømmet i perioden.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. mars 2015 til etterretning.

Sak 048/15 Strategi for HMS i Helse Vest

Oppsummering

Helse Vest skal vere leiande innan HMS arbeid, og førebygging skal prioriterast av alle. Føretaka i Helse Vest skal vere blant dei fremste blant offentleg eigde verksemdar på

systematisk førebyggjande HMS-arbeid. HMS skal vere ein sjølvstendig del av arbeidsdagen. I Helse Vest skal vi ha brukarvennlege system som skal vere lett tilgjengelig for leiarar og medarbeidarar. Leiarar og medarbeidarar involverer seg og har høg merksemd for å unngå uønskt hendingar, skadar, vald og truslar.

HMS er ein integrert del av leiar sitt ansvarsområde der krav og forventningar til HMS er ein del av deira leiaroppgåver. Det er avgjerande at leiinga på alle nivå er kjent med føretakets krav og forventningar, har tilstrekkelig opplæring for å kunne utøve eit tydeleg og engasjert leiarskap der tiltak blir følgt opp. Erfaringar har vist at når medarbeidarar og leiarar i fellesskap er engasjert og tar eigarskap til HMS oppnår ein gode HMS resultat.

Det vert gjennomført ein årleg gjennomgang av HMS strategien for føretaksgruppa der ein basert på erfaring og hendingar løftar fram viktig hovudtema/fokus områder for det kommande året. Felles hovudtema kan bidra til samla måloppnåing for heile føretaksgruppa.

Ved gjennomgang av Helse2030 bør det etablerast ein langsiktig HMS strategi der pasienttryggleik og HMS strategien til saman gir viktige bidrag til pasienttryggleik, og til oppbygging av ein trygg og utviklande arbeidsplass.

Styret ba spesielt om følgjande:

- Samanhengen mellom godt HMS arbeid og god pasientkvalitet/godt pasientsikkerheitsarbeid må synleggjerast
- Korleis kan ein gjennomføre dilemma trening – pasientsikkerheit versus tilsett sikkerheit
- Det må synleggjerast kva vi har av måltal – og ev. kva utvikling ein kan sjå for seg på dette området

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret ønskjer å ha HMS som eit oppfølgingspunkt i tillegg til pasienttryggleik i Helse2030.

Sak 049/15 Finansiering av forskning i Helse Vest

Oppsummering

I styresak 062/14 (9. mai 2014) fekk styret ei sak om forskning og innovasjon i Helse Vest. Saka omtala mellom anna grunnlaget for forskingsfinansiering, innretning på midlane, regionalt og nasjonalt samarbeid. Styret fekk i møtet 8. desember 2014 ei munnleg orientering kring omfanget av Helse Vest sine forskingsmidlar.

Denne saka gjennomgår Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar, med fokus på behova for 2016 og ikkje minst ei stabil innretning på midlane som skal lysast ut. Forskingsmidlane vert fordelt og følgd opp gjennom samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen, med utgangspunkt i delegert myndighet frå styret i Helse Vest. Forsking og innovasjon ved sjukehusa skal sikre utvikling av ny kunnskap som er venta å ha effekt på kvaliteten på tilbodet til pasientar og vil vere ein føresetnad for vidareutvikling i helsetenestene, jamfør også dei faglege rapportane som vert lagt fram som eigen sak på styremøtet (sak 053/15). Forsking og bygging av forskingskompetanse er eit viktig grunnlag for at helsetenestene skal vere prega av oppdatert kunnskap om

medisinsk utvikling og for å gjere kritiske vurderingar ved innføring av nye behandlingsmetodar og ny teknologi, samt for å ivareta og rettleie pasientane. Tala som vert lagt fram i saka viser at tilgjengelege midlar til nye prosjekt kvart år har variert til dels kraftig. Samstundes viser nasjonale samanlikningar at vi no må kjempe hardare for å tilta oss ein stabil eller høgare del av dei nasjonale forskingsmidlane gjennom statsbudsjettet. Erfaringa gjennom vel eit tiår viser at det ikkje er mangel på gode søknader frå miljøa i vest. Ein ber difor styret ta stilling til ein opptrappingsplan for midlane frå regional ramme for åra 2016-2018 med ei årleg auke på 9 millionar i 2016, ytterlegare 6 millionar i 2017 og ytterlegare 3 millionar i 2018. Totalt vil då forskingsmidlane vere auka med 18 millionar samanlikna med 2015.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret er svært nøgd med arbeidet som er gjort på forskingsområdet, og ønskjer å styrke den delen av finansieringa som kjem frå Helse Vest RHF sitt budsjett.
2. I 2016 blir finansiering av forskingsområdet styrka med 9 millionar kroner, ytterlegare 6 millionar i 2017 og ytterlegare 3 millionar kroner i 2018.

Sak 53/15 Fagleg rapportering 2014

Oppsummering

Faglig rapport 2014 er den årlege rapporten frå samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen som omhandlar alle forskingsprosjekt som har fått tildeling frå Helse Vest sine øyremerkte forskingsmidlar. Rapporten er utarbeidd av Kompetansesenter for klinisk forskning i Helse Bergen HF som er sekretariat for Samarbeidsorganet.

Dei regionale, faglege rapportane¹ har tidlegare år inkludert data frå årsrapportane frå nasjonale tenester og regionale kompetansesentre. RHF-a er blitt samde om å utarbeide ein felles rapport for dei nasjonale tenestene, og rapporten vil bli lagt fram for styret i Helse Vest på eit seinare tidspunkt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten "Faglig rapportering 2014" til orientering.

Sak 050/15 Internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar

Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av dei private rehabiliteringsinstitusjonane som har avtale med Helse Vest. Følgjande institusjonar var omfatta av revisjonen:

- Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter
- LHL-klinikkane Krokeide og Nærland
- Åstveit Helsesenter
- Rehabilitering Vest
- Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter

¹ Alle faglege rapportar med regionale data er samle på nettsida: <http://www.helse-vest.no/no/FagOgSamarbeid/forsking/Sider/Forskningsprosjekt.aspx>

Formålet med internrevisjonen var å undersøke om dei private rehabiliteringsinstitusjonane som Helse Vest har avtale med, har etablerte kvalitetssystem som sikrar at tenesta oppfyller krava i forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta.

Hovudkonklusjon: Inntrykket er at alle dei seks reviderte rehabiliteringsinstitusjonane er godt budde til å gå inn i ein ny avtaleperiode frå 1.1.2015. Internkontrollsystema er oppdaterte, og tilsette verker å ha god kjennskap til systema. Basert på tilsendt dokumentasjon og intervju med leiing og tilsette finn vi ikkje grunn til å påpeike vesentlege feil eller manglar.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet ved årsrapporteringa.

Sak 051/15 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsrapport om internkontroll i private rehabiliteringsinstitusjonar

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har gjort ei undersøking av private rehabiliteringsinstitusjonar som har avtale med Helse Vest RHF. Helse Vest vil, i si oppfølging av dei private institusjonane, følge opp dei anbefalingar internrevisjonen peiker på.

Styret peika på at i avtalane med private må krav til etikk, habilitet, HMS og kvalitet vere like dei krava som gjeld for helseføretaka.

Funna i Ernst og Young sin gjennomgang av pengestrømmar hos private ideelle blir følgt opp, og mange avvik er lukka.

Styret ba om ei sak om oppfølgings regime som RHF-et har i forhold til private kommersielle aktørar og private ideelle aktørar.

Vedtak (samrøystes)

Helse Vest tar internrevisjonen sin rapport til etterretning og vil følge opp anbefalingane overfor dei private rehabiliteringsinstitusjonane.

Sak 052/15 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 12.02.2015

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 12. februar 2015.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 24. mars 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 12.02.2015 til orientering.

Sak 054/15 Forsking og innovasjon til pasientens beste

Oppsummering

Forskning og innovasjon til pasientens beste er RHF-a sin felles rapport med eksempel på korleis forskning og innovasjon bidreg til betre klinisk praksis. Rapporten inneheld også eit kapittel med nasjonale nøkkeltal for helseforskning. Rapporten er utarbeidd av ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Helse Sør-Øst, og vart forankra i RHF-a sitt AD-møte før overlevering til Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) 15. mars 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporten "Forskning og innovasjon til pasientens beste" til orientering.

Sak 055/15 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 010415 - Rapportering pr. februar 2015
- E-post frå Norges Kvinne- og familieforbund Sogn og fjordane krins til Helse Vest RHF, dagsett 060415 – Uttale frå krinsårsmøte
- E-post frå Helse Vest RHF til Norges Kvinne- og familieforbund Sogn og fjordane krins, dagsett 150415 – stadfesting på mottatt e-post
- E-post frå Landsforeningen for hjerte- og lungesyke til Helse Vest RHF, dagsett 070415 - Bevar akuttmedisinsk naudsentral i Sogn og Fjordane
- E-post frå Helse Vest RHF til Landsforeningen for hjerte- og lungesyke til Helse Vest RHF 150415 – stadfesting på mottatt e-post
- Kopi av brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus, dagsett 070415 – Avslutning av tilsyn
- Brev frå Karmøy kommunestyre til Helse Vest RHF, dagsett 270315 – Nytt ambulanshelikopter
- E-post frå Helse Vest RHF til Karmøy kommunestyre, dagsett 210415 – Stadfesting på mottatt e-post
- Møtereferat frå RBU, dagsett 250215
- Kopi av brev frå Datatilsynet til helseføretaka, dagsett 310315 - Brevkontroll med Helse Førde HF - Felles pasientdatabase i Helse Vest
- E-postar med vedlegg frå Konstali Helsenor dagsett 5. mai 2015 – «styrets ansvar» og
- «anmodning om videreforsending»
- E-post frå Konstali Helsenor dagsett 29. april 2015 – «styreleders tilsynsansvar»

- Svar på e-post frå Konstali Helsenor dagsett 4. mai 2015 – «svar – styreleders tilsynsansvar»

U.OFF

- Brev frå Helsetilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 130415 – Oversendelse av sak

Styret sitt kvarter

Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Torunn Nilsen

06.05. 2015

Terje Vareberg Styreleiar

Sett:

Lise Reinertsen Nestleiar

Ohene Aboagye Medlem

Gunnar Berge Medlem

Tone Berentsen Steinsvåg Medlem

Olin Johanne Henden Medlem

Bente Sissel Pilskog Medlem

Lise Karin Strømme Medlem

Tom Guldhav Medlem
